



Frå venstre: Ståle Caspersen, Rainer Süßmilch, Vidar Osmundsen, Eirik Mannsåker Roald (på cello), Hans Jørgen Bjørnstad, Magne Håvard Brekke og Etienne Bonhomme i Ljodahått. Her speler dei på Flasken Kjøkken og Bar på Nesodden. Foto: Jarle Rygh

kledte» (Sigbjørn Obstfelder), kom inn i bildet då han og Brekke spelte i lag i *Romeo og Julie*.

– Magne Håvard spurde om eg ville bli med i eit musikkprosjekt. Kvifor ikkje, sa eg.

Süßmilch har etter kvart komponert musikk til *Fuglane* og *Trilogien* på Det Norske Teatret i samarbeid med regissør Luk Perceval, så no har han innsikt i norsk skjønnlitteratur. I starten kjende han berre til Henrik Ibsen og Knut Hamsun.

– Eg hadde ikkje høyrte om Olav Nygard, til dømes, og visste ikkje kva kraft som ligg i nynorsken. Eg hugsar at eg las ei fæl engelsk omsetting av *Fuglane*...

Han ristar på hovudet.

– Nynorsk er ikkje enkelt å omsette.

Han lærer norsk, men opplever at mange heller vil snakke engelsk.

– Og tenk, mange har ikkje høyrte dikta vi resiterer. Det er jo ei skattkiste!

Noko anna som forundrar han, er at Noreg er fullt av kulturhus altfor få bruker.

– Utan eit kjent namn er det ikkje lett å lokke folk til konsertane. Og vi får ikkje økonomisk støtte, sjølv om vi foredlar det norske språket. Yngre musikarar som syng på engelsk, får støtte. Tyskarar og franskmenn på si side er interesserte i norsk musikk og litteratur.

EIN VIKTIG DIMENSJON

Når vi høyrer Vidar Osmundsen,

pianist, gitarist og komponist, syng «Fyreaningar» (Kristofer Uppdal), kan det minne om eit anna band som har slått an i utlandet trass i at dei syng på norsk: Kaizers Orchestra.

– Det er sikkert på grunn av dialekten, seier han.

– Men takk. Det er ein stor kompliment.

Samtidig er det altså umogleg å sette Ljodahått i bås. Når Eirik Mannsåker Roald, som er cellist, syng «Skjærgårdsø» (Knut Hamsun), går tankane til Nick Cave. Trommeslagar Etienne Bonhomme har røter i rocken; han og bassist Hans Jørgen Bjørnstad skaper suggerande rytmar. Philippe Moja er gitarist, men først og fremst lydteknikar, og Jérôme

Meyer-Bisch er ikkje musikar, men illustratør og teiknefilmskapar – ein viktig dimensjon i prosjektet.

– Magne Håvard blei kjend med kona mi gjennom jobben og spurde om ho kjende ein illustratør. Med det var eg med, fortel Meyer-Bisch, som står bak plateomslag, nettsideillustrasjonar og teiknefilmene på scenelerretet.

– Du treng vel strengt tatt ikkje vere med på konsertane?

– Å jo. Alle er samde om at lyrikken må visualiserast i sann- tid.

PERSONLEGDOM

I år har Ljodahått to turnear i Tyskland og éin i Noreg, og mange konsertar i 2024 og 2025 er alt fastsette. Alt må planleggast godt

når ein skal samle ni menn som bur i ulike land og byar.

– Det hender vi manglar ein, men vanlegvis er alle med, fortel Süßmilch.

Det er viktig, seier han.

– Vi er ikkje glimrande kvar for oss. Det finst mange gode musikarar der ute. Styrken ligg i samansetninga. Det at vi har ulik bakgrunn og tilnærming. Det handlar om personlegdom.

– Men korleis får de øvd i lag?

– Når vi er samla og har ein ledig dag, prøver vi ut nytt materiale.

Meir kjem det, altså. Skattkista er stor. Det blir som dei syng: «Eg stend eg, seddu. Eg stod her i fjor òg eg, seddu. Eg kjem til å stå her eg, seddu» (Olav H. Hauge).

DAG
OG
TID



VIL DU VINNE EI
TEIKNING
AV DEG FRÅ
AVISTEIKNAREN VÅR?